



Samarbeidsavtale, etter vertskommunemodellen, om barnekoordinator for kommunane:

Austrheim, Fedje, Gulen, og Masfjorden.

1. Føremål.

Føremålet med samarbeidet om logopedteneste, er å kunna stetta behovet for barnkoordinator til alle kommunane som deltar i samarbeidet.

Gjennom «Likeverdsreformen» ønskjer regjeringa å gjere kvardagen enklare for familiar som har eller ventar barn med alvorleg sjukdom, skade eller funksjonsnedsetting. Eit av tiltaka som trer i kraft frå og med 1. august 2022, er at det bli lovpålagt at alle kommunar skal ha ein barnekoordinator. Kommunane vil få kompensasjon for å få på plass denne funksjonen.

I dialog mellom samarbeidspartane i Fensfjorden PPT, er det vurdert at det vil vera tenleg at felles barnekoordinator for kommunane blir lagt som eit tillegg til samarbeidet vi allereie har etablert gjennom Fensfjorden PPT. I først omgang vil det bli lagt opp til at tenesta totalt sett skal omfatte ei 40% stilling. Barnekoordinatoren skal primært sikre at familiare for koordinerte og heilskaplege tenester, og at dei får nødvendig informasjon og rettleiing.

Barn som mottar fleire typar helse- og omsorgstenester over lang tid, har rett på ein koordinator og ein individuell plan. Barnekoordinatoren skal sikre nødvendig oppfølging og samordning, og sikre at hjelpeinstansar rundt barnet samarbeider, men skal ikkje ha rolla som koordinator for ansvarsgruppa og ansvarleg for å individuell plan knytt til einskildbarn.

2. Driftsansvarleg.

Austrheim kommune er vertskommune, og driv i dag Fensfjorden PPT etter kommunelova § 20-2. Administrativt vertskommunesamarbeid. Austrheim, Fedje, Gulen og Masfjorden deltar i dette samarbeidet.

Barnekoordinatorstillinga er eit tillegg til denne avtalen og er administrativt underlagt Fensfjorden PPT, der tenesteleiar har det faglege ansvaret for denne funksjonen/tenesta.

3. Kompetanse.

Spesialpedagogisk eller psykologisk kompetanse.

4. Fordeling av årsverk og driftsutgifter.

Stillingsramma er ei fast stilling i 40%. Stillingsramma vert evaluert årleg. I tillegg er det lagt inn 60 000 i driftsutgifter. Dette skal mellom anna dekke reiseutgifter. Fordeling av løns- og driftsutgifter mellom kommunane som samarbeider om barnekoordinator, vert utrekna med grunnlag i ei prosentvis fordeling av kostnadane. Fordelinga er som følgjer:

Austrheim: 30%
Fedje: 10%
Gulen: 30%
Masfjorden: 30%

Årleg er det lagt til grunn ei kostnadsramme på omlag 350 000,- kroner totalt sett, inkludert driftsutgifter, opplæring, utstyr og sosiale kostnader.

Kommunane forskotterer sin del av kostnadene kvart halvår; 1. januar og 1. juli. For 2022, vil ein rekne kostnader frå og med 01.06.22. og vil til saman fordele 205 000,- prosentvis fordelt som vist over. Kostnadene vert årleg indeksregulert.

5. Kontorplass

Kontorplass og oppmøtestad er i utgangspunktet Austrheim, men vert avtalt i tråd med tenesta sitt behov.

6. Avtalevilkår

Avtalen gjeld frå 01.06.22

Avtalen kan seiast opp av kvar av partane med eitt års skriftleg varsel.

Ber om at avtalen vert signert og returnert til underteikna.

Stad:

Dato:

kommune:

.....

Signatur